

Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Møterom formannskap
Dato: 17.03.2026
Tid: Kl. 09:00 - 12:30

Møteleiar:	Kjell Eide
Andre møtande:	Gjermund Flage

Medlemer: Parti
Kjell Eide AP
Geir Helge Nordstrand H
Dag Ove Austgulen Myklebust SP

Forfall meldt frå følgjande medlem	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Anne Merete Takle	AP	Ann Sissel Austgulen	AP
Hildur Akse	AP	Thea Pedersen Johannesen	AP

Merknader:

Andre møtande: Kommunalsjefane Gaute Lundeland og Elin Garnes Solås.

Landbrukssjef Johannes Folkestad deltok i referatsak om veterinærordninga.

Idar Førde Blom møtte i sak 26/018 og 26/019.

Linnea Holsen Meier møtte i sak 26/019.

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
26/013	Godkjenning av innkalling
26/014	Godkjenning av sakliste
26/015	Godkjenning av protokoll frå førre møte
26/016	Referat- og orienteringssaker
26/017	Utvalet sitt kvarter
26/018	Slutthandsaming - Detaljreguleringsplan Havyard Leirvik, gbnr 85/8 m.fl
26/019	Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2036 - høyringsutkast
26/020	Deltaking i "distriktssatsing i Vest"
26/021	Ekstraløyving bustadtilskot
26/022	Gangveg - Gbnr 79/47 - Hyllestadvegen 434

26/013: Godkjenning av innkalling

Innkallinga vert godkjent slik den ligg føre.

Formannskapet 17.03.2026

Handsaming:

FORM- 26/013 VEDTAK:

Innkallinga vert godkjent slik den ligg føre.

26/014: Godkjenning av sakliste

Saklista vert godkjent slik den ligg føre.

Formannskapet 17.03.2026

Handsaming:

FORM- 26/014 VEDTAK:

Saklista vert godkjent slik den ligg føre.

26/015: Godkjenning av protokoll frå førre møte

Protokollen frå førre møte vert godkjent slik den ligg føre.

Formannskapet 17.03.2026

Handsaming:

Merknad til protokoll frå førre møte (24.2.):

På ikkje offentlege saker føl ikkje vedtaket med i protokollen

I sak 26/011 går det ikkje fram kven som stemte for eller i mot, dette må korrigierast.

FORM- 26/015 VEDTAK:

Protokollen frå førre møte vart godkjent slik den ligg føre, med merknader jf. ovanfor.

26/016: Referat- og orienteringssaker

Referat- og orienteringssakene vert tekne til vitande.

Formannskapet 17.03.2026

Handsaming:

- Veterinærordninga - orientering ved kommunedirektøren. Landbrukssjefen deltok via Teams. Framlegg til høyringssvar kjem opp som sak i kommunestyret til veterinærordninga. Framlegg til høyringssvar til kommunekommisjonen sitt framlegg kjem også opp som sak i kommunestyret.

- Veterinærordninga - opprop vert å spele inn til FIPR, ordførar tek det vidare.
- Kommunekommisjonen - formannskapet ønskjer vurdering om korleis endring i grunnskuletilskotet vil slå ut for Hyllestad kommune til handsaminga i kommunestyret.
- FV 607 er sett på kartet til fylkeskommunen, men økonomisk løyving er ikkje på plass per i dag. Formannskapet ber om ei sak til kommunestyret knytt til ei eventuell løyving til utgreiing av nye utbetringspunkt (mai-møtet).
- FV57 - utbetring vidare av fylkesvegen, innspel frå Fjaler kommune. Vurdere innspel til støtte.
- Ambulanse i Lavik, vurdering av lokalitet.
- Marint vern av Sognefjorden, Statsforvaltaren kjem til kommunestyremøte i neste veke for å orientere om arbeidet. Verneframlegget er på høyring no.
- Skjenking av alkohol i samband med fotball VM i sommar. Er ikkje aktuelt for hotellet i Leirvik å halde ope under VM.
- Kort orientering om brannen i Drøsdalen.
- Hjortegjerde - kva er status?
- Skriv frå diskrimineringsnemnda knytt til Eide kai.

FORM- 26/016 VEDTAK:

Referat- og orienteringssakene vert tekne til vitande.

26/017: Utvalet sitt kvarter

Formannskapet 17.03.2026

Handsaming:

Ikkje off sak - innspel vert teke med vidare i administrasjonen.

FORM- 26/017 VEDTAK:

26/018: Slutthandsaming - Detaljreguleringsplan Havyard Leirvik, gbnr 85/8 m.fl

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vedtek Hyllestad kommunestyre Detaljreguleringsplan Havyard Leirvik, gbnr 85/8 m.fl - Plan-ID: 2024002, med plankart datert 24.02.2026 og planføresegner datert 27.02.2026.

Formannskapet 17.03.2026

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg, som vart samrøystes tilrådd frå planutvalet.

FORM- 26/018 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vedtek Hyllestad kommunestyre Detaljreguleringsplan Havyard Leirvik, gbnr 85/8 m.fl - Plan-ID: 2024002, med plankart datert 24.02.2026 og planføresegner datert 27.02.2026.

26/019: Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2036 - høyringsutkast

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-14 vedtek Formannskapet at framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2036 vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker.

Formannskapet 17.03.2026

Handsaming:

SP v/Dag Ove Myklebust hadde innspel til kunnskapsgrunnlaget og høyringsutkastet:

Punkt til diskusjon:

- S7, Mål 3, pkt2. legge til meir universelt utforma turveggar.
- S8 Mål 4 Strategiar, feil nummerering. Legge til punkt F; Grendalag og andre orgnisasjonar er viktige partnarar i arbeidet for å sikre god medvirkning.

Er ungdomsrådet involvert i utarbeiding av planen? Ref mål 4 pkt F.

- Mål 5 pkt ein: Korleis måler en effekten?
- 6.3.1 pkt.1 kulepunkt 1: referer til kommunal planstrategi det det skal satsat på 24/093
- 6.3.1 pkt.1 kulepunkt 2: Betyr Auke utnyttingsgraden i regulerte felt?
- S10 nytt punkt 6.3, pkt1. kulepunkt 3. Spredd busetnad: Bruke arealformålet LNF-spreidd der dette er naturleg. Erfaring viser at mange ynskjer å bygge hus på eller nær område dei vaks opp. Kommunen ynsker også slik utbygging velkommen, men utbyggjar må då vere bydd på at det kan vere avgrensa kommunal infrastruktur.
- 6.3. kulepunkt3 slette siste setning (trenger ikkje legge opp til strengare praksis enn strengt tatt nødvendig)
- 7.2 kvifor er ikkje ungdomsrådet involvert
- 7.4 det er gjentatte gongar blitt spurt om det er nok ressurser til planarbeidet

Innspela vart gjennomgått og drøfta.

Formannskapet er samrøystes om å sende saka attende til administrasjonen for gjennomgang av innspel og legge fram revidert plan.

FORM- 26/019 VEDTAK:

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen for å vurdere innspel og legge fram eit revidert utkast. Handsaming av utlegging på høyring vert utsett til neste møte i formannskapet.

26/020: Deltaking i "distriktssatsing i Vest"

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek at kommunen takkar ja til tilbodet om å vere med i "Distriktssatsing i Vest" og signerer samarbeidsavtalen slik den ligg føre i saka.

Formannskapet 17.03.2026

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, som vart samrøystes tilrådd.

FORM- 26/020 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek at kommunen takkar ja til tilbodet om å vere med i "Distriktssatsing i Vest" og signerer samarbeidsavtalen slik den ligg føre i saka.

26/021: Ekstraløyving bustadtilskot

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek å øyve kr 85.000 til ekstra bustadtilskot.

Ekstraløyvinga vert dekkja med milder frå disposisjonsfondet.

Formannskapet 17.03.2026

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

FORM- 26/021 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek å øyve kr 85.000 til ekstra bustadtilskot.

Ekstraløyvinga vert dekkja med mildar frå disposisjonsfondet.

26/022: Gangveg - Gbnr 79/47 - Hyllestadvegen 434

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vedtek Formannskapet at det vert gjeve dispensasjon frå arealføremåla i reguleringsplan for Hyllestad sentrum 2 (plan-ID 1999001), til opparbeiding av universelt utforma gangveg som omsøkt.

Formannskapet 17.03.2026

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

FORM- 26/022 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vedtek planutvalet at det vert gjeve dispensasjon frå arealføremåla i reguleringsplan for Hyllestad sentrum 2 (plan-ID 1999001), til opparbeiding av universelt utforma gangveg som omsøkt.